



**Også dei som har ansvar for bedehuset i Uskedalen gjer ein stor innsats med opprusting og vedlikehald. I dag er ein dugnadsgjeng i gang med ei ny, stor arbeidsøkt.**

I den førre dugnadsøkta vart kjøkenet flytta opp frå kjellaren og det vart laga nye toaletter. No skal det skje ein høgst nødvendig drenering mot stemneplasen og den kommunale vegen. Innvendig i kjellaren skal to veggjar rivast og det skal tørkast opp.

Rommet som blir frigjort skal nyttast til lagring av ymse ting og det skal settast opp ein arbeidsbenk for aktivitetar. Det blir truleg også nytt golv.

På biletet er Tore Mathiesen, Lars og Johannes Haugland og Harald Berg klare til innsats.

(Foto: Ola Matti Mathisen)